

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 15.06.2018

Orienteringar:

Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune – open innspelsprosess, brei involvering og oversyn over inkomne idear/forslag. Korleis vert det vidare arbeidet lagt opp ? Ved Per Morten Ekerhovd, fylkesdirektør for kultur og idrett, Hordaland fylkeskommune.

Sogn og Fjordane sine alternativ til det å etablere eit fond, jf. Intensjonsplanen sitt punkt 7. Orientering om pågåande prosessar. Ved advokatane Ulf Larsen og Per Andreas Bjørgan, Lund & co.

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt oversendingsforslag:

«AU i Fellesnemnda oppmodar prosjektleiar om å leggje til rette for oppstart av ein prosess, for samordning mellom ungdommens fylkesutval i dei 2 fylka.»

Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren.